



MØTEREFERAT

Møtetype:	Påskemøte	Møteleiar:	Hans Blattmann
Møtestad:	Hovden Grendehus	Referent:	Eirik Birkeland
Dato:	27.03.2024	Referat dato:	04.04.2024
Tid:	09:00-11.00		

Til stades	Kopi til	Namn	Rolle	Firma
X		Hans Blattmann	Ordførar	Bykle kommune
X		Signe Sollien Haugå	Plansjef	Bykle kommune
X		Eirik Birkeland	Tenesteleiar Teknisk drift og eigedom	Bykle kommune
X		Kjetil Juva	Kommuneoverlege	Bykle kommune
X		Dag Hovden	Politikontakt	Politiet i Valle og Bykle
X		Else Gyro Rysstad	Soknerådet	Den norske kyrkja
X		Unn Hovden	Dagleg leiar	Destinasjon Hovden
X		Torvald Gautland	Dagleg leiar	Hovden løypekøyning
X		Jon Helle	Styret	Ressursgruppa for hyttevel

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
1.	<p>Innleiing – Hans Blattmann (ordførar) Ordføraren innleia og kom med agenda for møtet.</p> <p>Det ble også informert noko rundt villrein og fjelløypene rundt Hovden. Fleire av disse har vore stengt i periodar. Det tilretteleggjast nokon fleire parkeringsplassar i påska for betre tilkomst til andre løypar.</p> <p>Info rundt Skibuss og at kommunen ikkje har løyve til å køyre dette pr. no. Saka ses på framover.</p> <p>Påminning om at det også er parkering under sentrum på Hovden, i parkeringshuset.</p> <p>Det er kome inn om lag 1,4 mill. i løypebidrag frå hyttebyklarar. Kommunen bidreg med om lag 4,2 mill. Bidraget er frivillig, men det oppfordrast til å bidra. Elles oppfordrar ordførar folk til å senke pulsen og nyte påska.</p> <p>Til slutt noko informasjon i høve til NM på Hovden i 2025. Det er eit ønskje at dette blir ein folkefest. Det trengs både friviljuge, og det vil vere gode høve for utleige av hytter.</p>		
2.	<p>Politiet – Dag Hovden (politikontakt) Politiet informerte kort om organiseringa i Setesdalen, arbeid og beredskap i påska.</p>		
3	<p>Helseberedskap i påska – Kjetil Juva (kommuneoverlege) Det ble informert om den akuttmedisinske kjeda: kommunale ressursar, sentrale ressursar og frivillige ressursar.</p> <p>Kort info om legetenesta i Bykle/Valle og legevakta. Legevakta er lokalisert på tre legekontor; Valle, Bykle og Hovden. Den er dimensjonert for 3000 personar. Det gjerast ekstra tiltak i påska for å sikre beredskap for alle besøkande også.</p> <p>Legevaktsentralen er ved Arendal legevakt. Alle utan fastlege i Bykle/Valle må ringe legevaktsentralen (116 117) fyst.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>Det har vore utfordringar med lang ventetid på svar hos sentralen. Ein er i dialog med dei om dette. Skipatroljen og enkelte andre har «gult nummer» og går før i køen.</p> <p>Til slutt oppfordra kommuneoverlegen om at å vere bevisst: vi har dei ressursane vi har, og vi er 3 timer frå næraste sjukehus.</p> <p>Spørsmål frå salen: korleis jobbar kommunen med å styrke beredskap i høve til sjukehuset:</p> <p>Svar: Det er plassert to ambulansar i området, ein i Bykle og ein i Valle.</p> <p>I fjor testa ein ut eit pilotprosjekt der ein «einerreddar» ble plassert på Hovden. Dette er ein rutinert person som rykker ut og hjelper anna helsepersonell, men har ikkje ambulanse.</p> <p>Røde kors stillar og med eigen ambulanse. Denne er ikkje fullverdig men kan nyttast til transport.</p> <p>Målet er at det alltid er ein ambulanse tilgjengeleg i Valle/Bykle.</p> <p>Luftambulanse kan og rekvirerast om det er naudsynt.</p> <p>Spørsmål frå salen: Kva er nummer til Røde kors og skipatroljen.</p> <p>Svar: Skipatroljen har nummer: 37 32 03 81</p> <p>Det kom også skryt frå salen i høve til beredskapen kommunen stiller med i påska.</p>		
4.	<p>Den norske kyrkja – Else Gyro Rysstad (soknerådet)</p> <p>Det ble informert kort om kva kyrkjene er det for. Dei er for alle, også hyttefolk.</p> <p>Ein viste kyrkjeprogrammet for påska 2024.</p> <p>Til slutt noko info om kyrkjene i Bykle og historia rundt dei.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>Ein bad hyttefolk om innspel til tidspunkt for gudstenester på søndagar om hyttefolka vil vere med.</p> <p>Spørsmål frå salen: Står ingenting om kyrkja i «Kva skjer på Hovden»-sida.</p> <p>Svar: Kyrkja har tidlegare lagt inn dette sjølv, men de ble for travelt slik at dette ikkje blei følgt opp. Dette blir undersøkt.</p>		
5.	<p>Destinasjon Hovden – Unn Hovden (dagleg leiar) Kort info om viktige arrangement i åra framover: NM langrenn på Hovden: 27-30 mars 2025 Landskappleik: 25-29 juni 2026 Viking og Villrein på Hegni: 5.oktober 2024.</p> <p>Det ble også vist til «kva-skjer på Hovden»-sida til Destinasjon Hovden.</p> <p>Visit Setesdal har publisert ny nettside med arrangementskalender for Setesdal.</p> <p>Kort info om prosjekter: Skiltplan og nye skilt på langrennsløypene på oppdrag frå Hovden Løypekøyning. Arbeid med parkering v/skiløyper i Hovden Sør/Midregionen.</p> <p>Det ble også informert om andre ting: Vikingvegen frå Hegni langs elva, heilårsopent Jernvinnemuseum. Suleskardvegen med ny brosjyre, nye skilt og nettside. Nye skilt ved Byklestigen Fleksikontor på Hovdetun. Destinasjon Hovden formidlar leie av disse.</p> <p>Det ble informert om at Setesdal er resertifisert som «Bekreftig Reisemål», og kva for arbeid som blir gjort og utfordringar ein har innan dette feltet.</p> <p>Litt info om Setesdal som bærekraftig reisemål.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>Problemstillinger ift bærekraftig reisemål. Konkrete ting som man kan gjøre som fritidsbolig ift bærekraftig reisemål.</p> <p>Til slutt minna ordførar om bruk av hundeposar og båndtvang.</p>		
6.	<p>Hovden Løypekjøring/Badeland – Torvald Gautland (dagleg leiar) Mål til Løypekøyringa er best mogleg løyper i kommunen.</p> <p>Status for sesongen 2023/24: Godt med snø forholdsvis tidleg og gode løyper. Snø og is har gitt utfordringar for reinsdyr, og fleire løyper på både aust- og vestsida er stengt grunna dette. Undergang og rundkøyring ved skisenter blitt veldig bra.</p> <p>I 2023 ble det dessverre ikkje utbeta så mykje grunna tidspress og at kulda kom fort.</p> <p>Det er eit langsiktig mål om at vinterløyper også skal fungere som sommarløyper. Problemstillinga i høve til myrer er også kome inn i denne saka.</p> <p>Det har kome ein del klagar på stein og grus i løypa. Ein oppfordrar alle hytteveit til å ta ein dialog med dei som brøyter slik at dei tar omsyn til dette. Kommunen er i dialog med brøyteleverandør ved ny rundkøyring for å finne løysing her.</p> <p>Det er kome mykje innspel og meiningar rundt vintervandrervegen frå Hegni langs elva. Mange er nøgde, og nokon er ikkje. Det er eit generelt problem med folk som går i løypa. No er det skilta noko meir, forhåpentlegvis hjelper det.</p> <p>Planar for sommaren 2024 er framleis noko uklare, men ein har ein god del på ønskelista.</p> <p>I 2023 kom det inn om lag 1,4 mill. i løypebidrag. Til no i 2024 er det kome ca. 500.000,-. Dette er noko under same tid i fjor.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>Det er mange ønskjer og innspel i høve til når dei ulike løypene skal køyrast på døgnet. Ein har prøvd etter beste evne å finne det som passar best for dei fleste.</p> <p>I år er det siste sesong for løyvet ein har til å køyre løyper til Sloaros og Nos. Dette må søkjast på til våren. Det same gjeld Hovden Tour-løypa.</p> <p>Spørsmål frå sal: Noko tilbake i tid var det eit stort mål at alle løyper skulle vere så breie at dei kan køyres med stor maskin. Dette er ikkje skjedd, kvifor det?</p> <p>Svar: Det er ikkje lett å få til dette med alle omsyn ein må ta. Løypene krev mykje snø før dei kan køyrast. Det er laga ein lita ny løype ved Fjellparken, som kanskje blir permanent.</p> <p>Spørsmål frå sal: Kan ein seie noko om ny bru over Otra ved Vidmyr og undergang RV9?</p> <p>Plansjefen orienterte noko om dette.</p> <p>Spørsmål frå sal: Kan nokon av dei midlertidige traseane i år bli permanente?</p> <p>Svar: Kommunen jobbar med saka mot Statsforvaltaren.</p> <p>Spørsmål frå sal: Kva gjer kommunen for å sikre moglegheit for fleire løyper og eventuell adaptiv løypekøyring.</p> <p>Svar frå ordførar: Ein har etablert møtearena denne sesongen med Statsforvaltaren og andre aktørar der dette blir diskutert.</p> <p>Kommentar frå salen: Mykje frustrasjon på Hovden om at arbeid med løyper står veldig stille.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>Hovden Tour løypa har vært bra i år. Det har også blitt mykje betre generelt i høve til skarpe svingar i løypene.</p> <p>Spørsmål frå sal: Løypa rundt Hoslemoskaret stengt til vinterferien i fjor, grunnet rein. Det same i år. Blir dette permanent?</p> <p>Svar: Her er det nok ein misforståing. Etter avtale med grunneigarar skal løypa berre køyrast frå vinterferie til påskeferie.</p> <p>Spørsmål frå sal: Kor lenge varer avtale med grunneigarar ved Tverrfjell?</p> <p>Svar: Det er ingen tidsbegrensing, men satt nokon vilkår. Avtalen skal fornyast kvart 5. år.</p> <p>Til slutt noko info om Badeland-prosjekt og Fjellredningsgruppa.</p> <p>Info om løypebidrag: Kontonummer: 3000 37 70970 VIPPS: 78203 Veiledende beløp: 850,- pr. bueining.</p>		
7.	<p>Bykle kommune, teknisk drift og eigedom – Eirik Birkeland (tenesteleiar)</p> <p>Ein informerte kort om VA-prosjekter i 2023. Nye Hovden Vassverk er i drift og leverer vatn til røyrrnett. Det er framleis innkøyringsperiode. Gammalt vassverk står mellombels som backup, men blir truleg høgdebasseng på sikt.</p> <p>Planlagde VA-prosjekter i 2024: Ny inntaksleidning frå Juvet til nytt vassverk grunna kapasitet. Denne går parallellt med veg til Grillbua. Ein må pårekne noko gravearbeid i sommar/haust.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>Det skal også arbeidast med sonevassmåling, pluggkøyring, ferdigstilling VA ved Nedre Sarv og varmepumpeløysning ved Hartevatn Reinsanlegg.</p> <p>Neste store prosjekt i Hovudplanen blir oppgradering av VA frå dagparkering Sør til Børtemannsbekken.</p> <p>Litt anna info: Det arbeidast med Hovudplan veg, og i fyrste omgang gjennomførast tilstandsvurdering av dei kommunale vegane. Hovden Langrennsarena skal opprustast i samband med NM 2025. Dette gjeld både bygg og løyper.</p> <p>Spørsmål frå sal: Status på ljosløype opp til vassverket?</p> <p>Svar: Ikkje kome noko vidare med denne prosessen.</p> <p>Spørsmål frå sal: Har ein kontroll på tilgjengeleg brannvatn i hyttefelta i kommunen.</p> <p>Svar: Ein har ikkje fullstendig kontroll på dette. Spesielt gjeld dette i gamle hyttefelt. Dette er også fordi leidningar i hyttefelt er private, og ikkje kommunale.</p>		
8.	<p>Bykle kommune, planavdeling – Signe Sollien Haugå (plansjef)</p> <p>Ein informerte noko om kommande tiltak – både trafikkisikring og løpetiltak.</p> <p>Det er noko uklarheit i begrepa rundt utbyggingsavtaler/løypeavtaler osv. Utbyggingsavtaler er utbyggjarbidrag til felles infrastruktur. Løypeavtaler er kompensasjon til grunneigarar for løyper. Løypeavgift er bidrag til preparering av løyper.</p> <p>Ein gjekk gjennom tiltak i Midtregionen og prioriterte tiltak på Hovden.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>Mellom anna kan følgjande nemnast: Hovden: Sherpasti, rundkøyning Skisentervegen/Breivevegen, opprusting og utvidelse Dagparkering Sør, trafikksikringstiltak i sentrum. Midtregionen: Skibru over Otra og kulvert RV9 ved Ørnefjell/Vidsyn, opprusting av løyper frå Badstogdalen til Nordli, dagparkering Vidsyn.</p> <p>Ordførar informerte noko om sykkelsti/sykkelløype i gamal RV9-trasé frå Byklestøylane og nordover.</p> <p>Ein informerte også om regulering av sti/turløype langs RV9 ved Hartevatn, tilrettelegging av Dagparkering Sør for framtida og parkering Fjellparken i høve til Dagsturhytta.</p> <p>Det jobbast også med ny kommuneplan.</p> <p>Spørsmål frå sal: Kva er kommunens politikk i høve til tilgang til andre løyper enn dei rundt Hovden?</p> <p>Svar: Det jobbast med dagparkering i Midtregionen. Det er også gjort mellombelse tiltak i år ved Vidsyn og Nordli.</p> <p>Spørsmål frå sal: Det er vanskeleg å finne informasjon om den mellombelse parkeringa ved Vidsyn og Nordli.</p> <p>Svar: Dette var eit hastetiltak. Derfor har informasjonen vert noko mangelfull.</p> <p>Spørsmål frå sal: Hovden Fjellpark vel saknar samarbeid og dialog i høve til arbeid med parkeringa nedst i hyttefeltet. Dette gjeld også trafikksikkerheit langs veg og skiløyper som kryssar vegen.</p> <p>Svar: Ein må avklare med grunneigarar og vegeigar fyrst.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
9.	<p>Ressursgruppa – Jon Helle (styret)</p> <p>Ressursgruppa understreka viktigheita av samarbeid for begge sidar.</p> <p>Ein ønskjer å vere meir med på planlegging og avgjersler. Gruppa kom også med ønskje om å inngå samarbeidsavtale med kommunen. Ordførar tar ein ny gjennomgang i høve til dette.</p>		
10.	<p>Avslutning</p> <p>Møtet vart avslutta med litt informasjon om ringverknadsanalyse rundt økonomisk, sosial og miljømessige verknadar av hyttebygging, som er sett i gong. Det var interesse for både denne og anna informasjon.</p> <p>Kommunen samlar elles ønskjer fortløpande, med tanke på revisjon av sti- og løypeplan/arealdel til kommuneplan. Revisjon startar hausten 2024.</p> <p>Kommunen oppfordrar også velforeiningar til å be sine medlemmar om å nummerere hytter med eigna skilt. Dette er også eit ønskje frå næringa i kommunen for å gjere det enklare å finne fram i høve til skuffing av tak, brøyting osv.</p> <p>Eit godt eigna skilt er eit som er kvitt med svart nummer.</p>		

Vedlegg: Informasjon om Viking & Villrein-festivalen.



Viking & Villrein Festivalen 5 oktober 2024

Kunne du tenke deg å hjelpe til mot gratis inngangsbillett?

Vi trenger bålvakter, parkeringsvakter, hjelp til rigging og rydding.

Vi ønsker også å komme i kontakt med alle som har hjemmelagede matprodukter, håndarbeids- og håndverksprodukter som de ønsker å selge på festivaldagen.

Kontakt lina@hovden.com
Tel. 413 30 368

